



HERØY KOMMUNE

RÅDMANNEN

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02/2357-164	
DATO - 4 APR. 2003	
AN 501	EKSP.
Vassdrags	

Dato: 31.03.2003
Journal: 2002/000924
Arkiv: S00
Vår ref.: ENR
Dykkar ref.:
Dykkar brev av: 11.02.2003

Det Kongelige olje og energidepartement, Postboks 8148 Dep., 0033 Oslo.

Tussa Kraft AS, Løngemyra 6, 6150 Ørsta

**K-SAK 15/03. FRÅSEGN TIL OLJE- OG
ENERGIDEPARTEMENTET SINE FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I
INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG
VASSDRAGSREGULERINGSLOVA SINE VILKÅR OM HEIMFALL
M.M.**

Vedlagt følger:

- saksutgreiing og protokoll i K-sak 15/03.

Herøy kommunestyre handsama saka 13.03.03 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Herøy kommunestyre syner til vedlagde fråsegn frå Tussa Kraft AS og vedtek fullt ut å slutte seg til denne. Herøy kommunestyre vil presisere at det finst klare og gode alternativ til det som departementet har tilrådd, og kommunestyret vil derfor på det sterkaste oppmode om at kommunar og fylker, som ynskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall."

Else Reite
Else Nordstrand Reite
e.f.

Kopi:

Vedlegg	1	av:	2
Sak:	02/2351-64		

Samla saksprotokoll frå Kommunestyret

015/03 FRÅSEGN TIL OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET SINE FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA SINE VILKÅR OM HEIMFALL M.M.

Sakshansvarleg: Rune Sjugard - RÅDM
 Dato: 17.03.2003
 Arkivref.: 2002/000924-5 /

Utval	Møte- dato	Utvals- saksnr.	Beh.- status	Avgjerande organ
Formannskapet Kommunestyret	05.03.2003	050/03	BE	Nei
	13.03.2003	015/03	BE	Ja

(Status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig handsama, UT=Utsett, TB=Tilbakeført til forrige utval)

Melding vert sendt til:

- partar i saka
- andre

Dokument vedlagt saka:

Fråsegn frå Tussa Kraft AS med oversendingskriv, datert 11.02.03.

Andre dokument i saka:

Høringsrapporten frå Olje- og energidepartementet.

Klagerett:

Nei

Framlegg frå rådmannen: til Formannskapet - 05.03.2003

Herøy kommunestyre syner til vedlagde fråsegn frå Tussa Kraft AS og vedtek fullt ut å slutte seg til denne. Herøy kommunestyre vil presisere at det finst klare og gode alternativ til det som departementet har tilrådd, og kommunestyret vil derfor på det sterkaste oppmode om at kommunar og fylker, som ynskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall.

Møtebehandling: fra Formannskapet - 05.03.2003

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding: fra Formannskapet - 05.03.2003

Herøy kommunestyre syner til vedlagde fråsegn frå Tussa Kraft AS og vedtek fullt ut å slutte seg til denne. Herøy kommunestyre vil presisere at det finst klare og gode alternativ til det som departementet har tilrådd, og kommunestyret vil derfor på det sterkaste oppmode om at kommunar og fylker, som ynskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall.

Møtebehandling: fra Kommunestyret - 13.03.2003

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak: fra Kommunestyret - 13.03.2003

Herøy kommunestyre syner til vedlagde fråsegn frå Tussa Kraft AS og vedtek fullt ut å slutte seg til denne. Herøy kommunestyre vil presisere at det finst klare og gode alternativ til det som departementet har tilrådd, og kommunestyret vil derfor på det sterkaste oppmode om at kommunar og fylker, som ynskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall.

Saksbehandlar: RS-RÅD-RÅDM
Journal: 2002/000924

Dato: 20.02.2003
Arkiv: S00

FRÅSEGN TIL OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET SINE FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA SINE VILKÅR OM HEIMFALL M.M.

Saksopplysningar

Rådmannen syner til fråsegna frå Tussa Kraft AS som gir ei god og dekkjande skildring av problemstillingane i høyringsframlegget frå departementet.

Framlegget har både positive og negative element. Dei negative har så store og dramatiske konsekvensar at dei må gjevast særskilt merksemd i høyringshandsaminga. Framlegget vil i praksis gjere slutt på den lokale og regionale eigarskapen til dei lokalt skapte kraftverdiane. Dette er dramatisk i og med at det slår beina unna det som har vore det mest grunnleggjande for utviklinga av lokalsamfunna og industrien, særleg i distrikta som på Sunnmøre. Kraftverka har vore ein sentral infrastruktur for at vi på Sunnmøre har bygd opp ein produksjon som relativt sett representerer langt større verdiskaping enn i dei sentrale byområda. Kraftverka er framleis ei viktig rolle i samfunnsutviklinga.

Framlegget vil innebære ein fare for oppkjøp og bortrasjonalisering av lokale arbeidsplassar i kraftsektoren, der eksterne eigarar frå inn- og utland ved oppkjøp vil sjå kraftverdiane som forretningsmessige objekt. Desse vil mest sannsynleg ikkje kjenne noko ansvar el. interesse for lokal utvikling og samfunnmessig engasjement.

Framlegget inneber også ein trussel mot lokaldemokratiet der avgjerdsleane i spørsmål om den lokale og regionale kraftinfrastruktur vert sentraliserte. Framlegget representerer ei frårøving av lokalt skapte ressursar. Dersom høyringsframlegget vert vedteke, vil det verte opplevd som ei sentral maktoverkøyring i høve lokaldemokratiet, og manglande respekt for dei lokale verdiane som gjennom generasjonar er skapt ut frå felles innsats.


Tussa Kraft AS oppsummerer i prioritert rekkjefølgje:

Kommunar og fylke må framleis ha rett til å ha evigvarande eigarskap i konsesjonspliktige fallrettar og ha rett til å leige dei ut til selskap med

ikkje diskriminerande eigarskapsreglar og med kommunalt heimfall til utleigar av kraftverk og anlegg etter leigeperioden.

- II. Om det ikkje vert opna for punkt I, må heile heimfallsordninga opphevast, eventuelt med statleg forkjøpsrett.
- III. Om det blir opna for punkt II heller, må kravet vere full marknadsbasert økonomisk kompensasjon for alle som får redusert rettane sine.

Rådmannen rår til at Herøy kommune sluttar seg fullt ut til saksutgreiinga og fråsegna frå Tussa Kraft AS.


Rune Sjørgård



TUSSA

924/02

R

TUSSA KRAFT AS
 Langemyra 6
 050 Østta
 Telefon: 70 04 02 00
 Telefaks: 70 04 02 01
 E-Post: kontakt@tussa.no
 Internett: www.tussa.no
 Bankkont: 5522 05 1573
 Forretningsstedet:
 NO 916929 041 MVA

Aksjonærene

500 3

BA

Dyktar ref.: ED/LT
 Vår ref.: ED/LT
 Journal-/arkivnr.: TK 00027-/013.00
 Dato: 11.02.2003

**FRÅSEGN TIL OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET SINE FRAMLEGG TIL
 ENDRINGAR I INDUSTRIKONSEJNSLOVA OG
 VASSDRAGSREGULERINGSLOVA SINE VILKÅR OM HEIMEFALL MED MEIR.**

Den 3 januar sende vi brev til dykk, der de vart orientert om status for saka om sal og tilbakelegg av fallrettar. Det vart også orientert om Olje- og energidepartementet sitt høyringsnotat om endringar i heimfallsordningar med meir. Styret i Tussa Kraft ser det som viktig at kommunane svarar på høyringa frå departementet. Vi signaliserte då at vi ville sende til dykk vår fråsegn som de eventuelt kunne bruke som grunnlag til fråsegn frå dykk.

Opphavleg var fristen for å gi fråsegn 28 februar. Denne fristen er no endra til 31. mars.

Styret handsama fråsegna på styremøte den 7 februar og vedtok då å sende vedlagde fråsegn til departementet med fleire. Om aksjonærene vil gjere fråsegna si enkel, kan de eventuelt berre gjere følgjande vedtak:

NN kommune er kjent med at Tussa Kraft har gitt fråsegn og NN kommune seier seg samd med Tussa Kraft sine synspunkt.

Bakgrunn

OED la fram høyringsframlegget til endringar i industrikonsejnslova og vassdragsreguleringslova fredag den 29 nov. (Heile rapporten er tilgjengeleg på <http://www.dep.no/oed/>)

Hovudpunkt i høyringsnotatet frå departementet:

Skilnaden mellom offentlig og privat eigarskap blir oppheva.

Noko som vil medføre større omsejleghet for aksjar. Dette vil truleg auke aksjursane. Dette er positivt for eigarane.



Alle konsejnsjonar gitt etter 1909 får vederlagsfritt heimfall til staten 75 år etter vedtakstidspunktet.

Dette vil også gjelde for dei fallrettene kommunane eig i dag i Tussa, Årneta og Søre Brandal. I dag har Tussa og eller kommunane evigvarande rettar. Vederlagsfritt heimfall vil bety at det skjer ei overføring av økonomiske verdier frå kraftselskap/kommunar til staten. Dette dreier seg ikkje berre om økonomiske verdier, men også om lokaldemokratiet sin plass i høve sentraldemokratiet når det gjeld forvaltning av lokale og regionale ressursar. Framlegget vil forsterke sentraliseringa.

Vertskommunane får 15 % av heimfalte ressursar.

I dag har kommunane rett til inntil 30 %, men då berre av det som er heimfall for i dag og det handlar om dei verka som har privat eigarskap. Grovt kalkulert har kommunar i dag rettar på inntil 5 TWh på nasjonalt nivå. Framlegget vil kunne gi inntil 15 TWh i tillegg. Kommune-Noreg eig i dag mellom 50 og 60 TWh. Så samla sett for kommune Noreg vil ikkje dette vere noko plasser på såret. I tillegg vil dette sannsynlegvis ha størst effekt for dei kommunane som allerede har svært gode kraftinntekter som vertskommunar, og det vil dreie seg om ei vesentleg verdioverføring mellom kommunar. For eigarkommunane i Tussaområdet som er vertskommunar til kraftverk som det kan bli heimfall på, vil eigarskapen omreka til GW/h for alle det gjeld vere vesentleg større enn det som det eventuelt vil få frå eit heimfall.

Konsejnsjonsgrensa blir heva frå 1000 nathk til 4000 nathk.

I praksis vil dette seie at verk under 5 MW er konsejnsfrie og ikkje gjenstand for heimfall. Eit kraftverk på 5 MW vil ha ei årlig omsetning på 3-5 mill kr. I nasjonalekonomisk samanheng er dette lite og grensa kunne gjerne vere flytta opp til 10 MW. Dette ville også redusere ein del på byråkratiet i samband med eventuell utbygging av småkraftverk. Dei kommunale rettane til konsejnsavgift og uttak av konsejnskraft må framleis følgje dagens grenser på 1.000 naturhestetekter.

Dette til dykkar orientering.

Med vennleg helsing
 TUSSA KRAFT AS

Elling Dybdal
 Elling Dybdal
 Adm.dir.

Vedlegg: Fråsegn

Fråsegn til OED sitt framlegg til endringar i industrikonsepsjonslova og vassdragsreguleringslova sine vilkår om heimfall

1 Generelt

Det vert synt til OED sitt høyringsbrev dgs. 29.11.02.

Denne fråsegna er handsama i styret i Tussa Kraft AS og har klare politiske standpunkt. Desse standpunkt er ikkje i motstrid til selskapet sine langsiktige og rasjonale forretningsinteresser, heller tvert imot - dei er samanhengande. Grunnen til at Tussa oversender fråsegn er at konsernet vil bli direkte og negativt påverka av framlegget til endringa av vilkåra, og dette vil vi meddele departementet direkte.

Tussagruppera disponerer følgjande kraftverk med tilhøyrande nøkkeltal:

Kraftverk	nattk	Installert effekt MW	Årleg produksjon GWh
Tussa	43117	64	258
Amela	18402	33	126
Sørbrandal	6313	7,3	40
Bjændel	3692	3,2	27
Dalc	3683	5,2	24
Gjerdsvik	2050	5,2	13
Våmø	1843	2,5	12
Kopa	1691	2,6	17
Ulstindalen	1050	1,2	4,5
Kolfossen	1038	1,6	10
Vardal	878	0,4	3,3
Neset	490	0,4	2,5

Tussa er i hovudsak eigd av kommunar på søre Sunnmøre, og eventuelle negative konsekvensar for Tussa, vil ha høvesvis negative konsekvensar for dei

Aksjonær	SUM		Prosent	
	A	B		
Ørsta kommune	309	747	1056	26,57
Herøy kommune	137	376	513	12,91
Volda kommune	0	484	484	12,18
Tafjord Kraft AS	438	0	438	11,02
Tussa Kraft AS	379	0	379	9,53
Ålesund kommune	0	580	580	14,59
Harøid kommune	0	201	201	5,06
Vanylven kommune	21	176	197	4,96
Ullstein kommune	29	58	87	2,19
Sande kommune	0	28	28	0,70
Hornindal Kraftlag AS	12	0	12	0,30
SUM	1325	2650	3975	100,00

2 Konklusjon

Vi vil gi uttrykk for dei prinsipielle standpunkta våre, samt kommentere enkelte tilhøve knytt til framlegga i høyringsnotatet.

Vi vil sterkt rå til at kommunar og fylke, som ønskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall. Dette kan sikrast i eit langsiktig perspektiv ved at kommunar og fylke skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar og med eit kommunalt heimfall ved utløpet av leigeperioden. Dette kunne truleg vore gjort med mindre modifikasjonar i dagens lovverk, og det kunne faktisk vere ein høveleg modell for staten i høve Statkraft også. Etter vårt syn vil dette vere tilfredsstillande både med omsyn til ESA sine krav om eigarøytralitet og ønska om å effektivisere bransjen. Viss dette ikkje er ein akseptabel modell, har truleg departementet andre motiv i saka enn effektivisering og eigarøytralitet. Det vil då vere naturleg å spekulere i om motiva er stortilt statleg nasjonalisering av bransjen. Konsekvensen av dette ville vere ei uføring av eigedomstretten, og tilfellen til at staten vil respektere eigedomstretten blir sterkt svekkja. Og det er nærleggjande å spørje om kva er den neste "juvelen" staten vil skaffe seg og kva eigedomstretten staten då vil køyre over.

Dei positive elementa i framlegget kjem klart i bakgrunnen fordi framlegget i praksis vil gjere slutt på den lokale og regionale eigarskapskapen. Dette er ikkje berre ei energipolitisk sak, men også ei industripolitisk sak. Kraftselskapa har vore, er og vil vere svært viktige støttespelarar i utviklinga av lokalsamfunn. Med den utviklinga vi ser med nedleggjing og utflagg av industriarbeidsplassar, vil truleg kraftselskapa bli enda viktigare for lokalsamfunna framover. Ein annan konsekvens av framlegget vil vere at makt blir flytta frå lokaldemokratiet til sentraldemokratiet. Vi er overtydde om at lokaldemokratiet er betre skikka enn sentraldemokratiet til å forvalte dei lokale og regionale ressursane som kraftselskapa i dag rår over.

Viss heimfallsordninga skulle bli gjennomført i samsvar med framlegget, vil Tussa Kraft AS som er ei eiga juridisk eining etter norsk lov, krevje erstatning for tapa vi vil bli påført. For oss ville det vere naturleg å krevje marknadsvardi på heimfallstidspunktet med oppgjer då. Ein slik oppgjeremåte vil medføre at det med omsyn til eit eventuelt aksjesalstidspunktet ville vere økonomisk indifferent når eigarar sel seg ut i forhold til heimfallstidspunktet. På denne måten ville ein også unngå at det vart eit stort salsomfang med det same lovendringa vart sett i verk.

Oppsummering i prioritert rekkefølge

- I. Kommunar og fylke må framleis ha rett til å ha evigvarande eigarskap i konsepsjonspliktige fallrettar og ha rett til å leige dei ut til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar og med kommunalt heimfall til utseigar av kraftverk og anlegg etter leigeperioden.
- II. Om det ikkje blir oppna for punkt I, må heile heimfallsordninga opphevast, eventuelt med statleg forkjøpsrett.
- III. Om det ikkje blir oppna for punkt II heller, må kravet vere full marknadbasert økonomisk kompensasjon for alle som får redusert retane sine.

Vedlegg 2 av: 2
Sak: 02/2351-164

med gjelda. Denne skal nedbetalt for eigedomsretten blir overført og får på den måten inntekter både på lånevilkår og det utbytte eigarane kan få. Framlegget inneber overføring av millionbeløp til Tussakommunane (20-40 mill kr no med dagens pengeverdi) og milliardbeløp (2-5 mrd. kr no med dagens pengeverdi) frå kommunane og fylke i landet.

Medan eigarkommunane ikkje blir tilbode kompensasjon, skal vertskommunane gjevast milliardverdiar på heimfallsstidspunktet. Dei same kommunane nyt allereie og med dagens ordningar godt av store konsesjonskompensasjonar. Med den store omlegginga som er føreslått er det nærliggjande å spørje kva som er den historiske lovgrunnleggjinga for at vertskommunane skal få inntil 15 % av alt heimfall, eller opptrer departementet politisk taktisk for å splitte eventuell kommunal motstand mot omlegginga.

3.3 Erstatning

Framlegget medfører at eigedomsretten til kraftverk generelt blir overført frå kraftselskap til staten om vel 75 år utan noko form for erstatning anna enn til private eigarar i kraftselskap. Standpunktet vårt er at ei eventuell endring må gjennomførast utan at selskapet sin verdi blir redusert og dermed eigarane sine verdiar. Dei fleste energiverk er i dag aksjeselskap og er eigne juridiske einingar etter norsk lov og har då sjølvstøtt eigne rettmessige krav til å få kompensasjon for fråryva rettar. Om departementet kanskje har det juridiske på si side, har dei historia vorte skapt gjennom lokal dugnadsinnsats. Det vart då ytt konkret arbeidsinnsats og drive pengeinnsamling og utan at staten har vore særleg medverktande. At staten no på denne måten vil røve til seg verdiar som er basert på lokale ressursar og skapt gjennom lokal dugnadsinnsats, verkar både historieløst og umoralsk. Ei eventuell erstatning må svare til full marknadsvardi for dei heimfalle anlegga og med oppgjør på heimfallsstidspunktet. Ein slik oppgjørsmåte vil medføre at det med omsyn til eit eventuelt aksjeselskapspunkt ville vere økonomisk indifferent når eigarar sel seg ut i forhold til heimfallsstidspunktet. På denne måten ville ein også unngå at det vart eit stort salsomfang med det same lovendringa vart sett i verk.

3.4 Grense for konsesjonsplikt

Det er gjort framlegg om at grensa for konsesjonsplikt blir heva frå 1000 naturhestetekrefter til 4000 naturhestetekrefter. Tilsvarande om lag 5 MW installert effekt. Denne vinteren, men også den generelle forsynings situasjon gjør det viktig at det blir lagt til rette for nyinvesteringar. Det er framleis potensiale for småkraftverk i Noreg, og for å få utvikla prosjekta, er forandra konsesjonsprosedyre eit viktig element. Det vil også vere i tråd med ønska om effektivisering av statleg byråkrati. På denne bakgrunn ser vi gjerne at grensa for konsesjonshandsaming blir heva ytterlegare. I økonomisk samanheng vil eit kraftverk på 5 MW ha ei årlig økonomisk omsetning på 3-5 mill kr. Behovet for eit eventuelt statleg heimfall av så små anlegg burde også vere lite.

Vi ser det som naturleg at dei kommunale rettane til konsesjonsavgift og uttak av konsesjonskraft framleis følgjer dagens grenser på 1.000 naturhestetekrefter.

Det er positivt at det blir teke sikte på at lovverket legg til rette for eigarmøytralitet i kraftbransjen. Dette vil gjere eigarpartar i kraftbransjen meir omsetjelige, noko som truleg vil auke eigarane sine verdiar. I neste omgang vil dette leggje press på selskapa til å levere betre resultat og bransjen som heilskap vil bli meir effektiv. Ein føresetnad for dette er sjølvstøtt at eigarkapsverdringar ikkje skal krevje konsesjonshandsaming utover det annan norsk konsesjonsplikt frå 1.000 naturhestetekrefter til 4.000 naturhestetekrefter. Denne grensa kunne gjerne vore heva ytterlegare. Då vi lever i langsiktig symbiose med lokalsamfunna der vi driv, ser vi det som naturleg at dei kommunale rettane til konsesjonsavgift og uttak av konsesjonskraft framleis følgjer dagens grenser på 1.000 naturhestetekrefter.

3 Prinsipielle standpunkt

3.1 Heimfallsreglar

Statleg kontroll og styring av naturressursar er grunnleggjande for at så godt som alle kraftverk over 4000 naturhestetekrefter skal bli underlagt eit statleg heimfall. Etter vårt syn har departementet i liten grad utgreia andre heimfallsmodellar som kan sikre dei overordna politiske omsyna utan å gripe inn i eigedomsretten. Det eksisterer ei rad slike modellar, kommunalt heimfall, ressursheimfall, opsjonsalternativ der det vert gitt lovheimel for å kunne påleggje heimfallsvilkår dersom viktige samfunnsomsyn tilseier det og transaksjonsheimfall som er utløyst av reelle sal eller omdanningar.

Eitern synet vårt finst det klare og gode alternativ til det som departementet har føreslege, og vi vil difor steikst få til at kommunar og fylke, som ønskjer det, framleis skal kunne ha evigvarande disposisjonsrett til vassfall. Vi vil føreslå at dette blir gjort ved at kommunar og fylke skal kunne leige ut fall og anlegg til selskap med ikkje diskriminerande eigarskapsreglar og med eit kommunalt heimfall ved utløper av leigeperiode. Grunnen til at kommunar og fylke må få halde fram med slik disposisjonsrett er at kraftverdiene i Noreg i stor grad har vorte skapt gjennom lokal dugnad. Det har då vore ytt konkret arbeidsinnsats og drive pengeinnsamling og utan at staten har vore særleg medverktande. At staten no på denne måten vil røve til seg verdiar som er basert på lokale ressursar og skapt gjennom lokal dugnadsinnsats, verkar både historieløst og umoralsk.

Situasjonen i dag er at staten i grove trekk gjennom sin eigarskap kontrollerer eller har dominerande posisjon på i underkant av 50 % av norsk vasskraftproduksjon. I tillegg har storsamfunnet i dag sikra seg ein vesentleg del av grunnrenta frå vasskrafta i form av skattar og avgifter. Det verkar noko panikkarta at staten i ein slik situasjon må sikre seg 100 %.

3.2 Økonomiske konsekvensar

Framlegget inneber at det blir slutt på lokalt eigarskap til produksjonsselskapa. Eigedomsretten, kapitalen og styringa blir overført til staten utan kompensasjon. Etersom ein stor del av energiverkscmdene er eigd av fylkeskommunar og kommunar, har lovrnamlegget stor regionalpolitisk verknad. Konsekvensane på dette området er klart negative for lokal Noreg. Framlegget medfører også at medan staten overtek selskapsaktiva, blir kommunane stiftande att